

Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4066 Stavanger

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Bergen, 13.08.2020  
2020/478 - 4348/2020 2020/2024 Jannicke Slettli Wathne

### **Rapportering om samarbeid med næringslivet om innovasjon**

Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) visar til brev frå Helse Vest RHF om rapportering på oppdrag om samarbeid med næringslivet om innovasjon i 2020.

Helse Vest ber om ei rapportering på korleis ein har følgt opp oppdraga om å:

a) lage rutinar for samarbeid med næringslivet der dette er relevant:

SAV nyttar i hovudsak Helse Vest og Sykehusinnkjøp sine prosessar for innkjøp. Prosessane er utarbeida av LIBRA. SAV etablerte i mars 2020 Fagplan for forsking, utvikling og innovasjon i SAV. Her har ein også omtalt at ein skal også sjå nærrare på korleis ein kan følgje opp strategisk samspel med dei private aktørane.

b) nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant:

I samband med anskaffing av grossisttenester i det pågåande prosjektet B180 – Nasjonal legemiddelberedskap nivå 2, er det langt på veg nytta innovativt offentleg innkjøp der det har vore tett dialog med aktørar i marknaden om moglege løysingar. I tillegg blir det i same prosjekt arbeidd med mogleg anbod mot legemiddelfirma i India for å styrke norsk legemiddelberedskap. I dette arbeidet er det tett samarbeid med Sykehusinnkjøp HF, UD og ambassaden i India.

SAV har i samarbeid med Sykehusinnkjøp, divisjon vest etablert eit prosjekt for anskaffing innan logistikk-kjeda for legemiddel. Prosjektet vil nytte marknadsdialog med leverandørar med tanke på å finne løysingar som fremjar effektivitet og kvalitet i handsaming av legemiddel i apoteka. Erfaring og metodikk frå innovative anskaffingar vert lagt til grunn for arbeidet.

Når det gjeld rapportering på rutinar for samarbeid med næringsliv, ber Helse Vest om at ein gjer greie for:

c) kva for rutinar for samarbeid med næringslivet ein har per i dag:  
SAV nyttar Helse Vest og Sykehusinnkjøp sine prosessar for innkjøp, (LIBRA-prosessane). Samarbeid med næringslivet om innovasjon er ikkje spesifikt omtalt her

Føretaket nyttar normalt tenester frå Vestlandets Innovasjonsselskap, VIS ved samarbeid med næringslivet i innovasjonsprosesser. Det er nyleg inngått kontrakt med Airlift Solutions på eit innovasjonsprosjektet om bruk av droneteknologi, der SAV er ein av fleire partnarføretak frå Helse Vest. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er innovasjonspartnar.

d) om ein har lagd til rette for testbeds, anten i sjukehus eller i samarbeid med andre verksemder som universitet og/eller næringsklynger:  
SAV har ikkje eigne testbeds, men skal sjå på moglegheit for å nytte Helsetanken ([www.helsetanken.no](http://www.helsetanken.no)), utvikla i Helse Vest. For SAV er det viktig at slike testbeds inneheld tilstrekkeleg informasjon på legemiddelområdet til at det vert relevant for verksemda.

e) om det er spesifikke problemstillingar dykk er særleg opptekne av i samarbeid med næringslivet om innovasjon:  
Legemiddelområdet er komplekst, med høg risiko for at feil kan oppstå gjennom dei mange ledda som førar fram til at ein pasient tek eit legemiddel. Samstundes



Føretaksadministrasjonen

er det potensielt store konsekvensar forbunde med feilmedisinering. For å sikre effektiv og sikker produksjon, forsyning, handtering og bruk av legemiddel i sjukehusa treng vi å finne gode løysingar i heile kjeda. Involvering av næringslivet kan bidra til dette arbeidet.

Venleg helsing

Christer Bakke Frantzen  
Fagdirektør